

Fra: Alv Ottar Folkestad [aof@albicilla.no]
Sendt: 23. oktober 2014 15:21
Til: Postmottak LMD
Kopi: styret@villsau.no
Emne: Ny forskrift om produksjonstilskot og avløysartilskot i jordbruket - høyringsbrev frå Norsk villsaulag (NVL)
Vedlegg: Høyringsfråsegn NVL om forskrift om PT og AVLT.pdf

Oppfølgingsflagg: Følg opp
Status for flagg: Fullført

Landbruks- og matdepartementet

Vedlagt følgjer brev frå Norsk villsaulag med høyringsfråsegn til utkast til ny forskrift om produksjonstilskot og avløysartilskot innan jordbruket. Vi meiner å vere rettmessig høyringspart etter som dette gjeld tilhøve som berører både det praktiske og økonomiske grunnlaget for vår driftsform for husdyrproduksjon. Vi har ikkje fått høyringsbrev tilsendt direkte frå departementet og seier oss lei for at vi ikkje har vore merksame på høyringsutkast og høyringsfrist før vi vart gjorde merksame på det utanfrå og at vi av den grunn ikkje kunne levere vårt høyringsbrev innan fristen. Vi bed derfor om at vårt høyringsinnspel vert akseptert likevel og vil gjerne ha stadfestande tilbakemelding på det.

For Norsk villsaulag

Alv Ottar Folkestad
styremedlem/sakshandsamar



Landbruks- og matdepartementet
Teatergaten 9 (R6)
Postboks 8007 Dep
0030 Oslo 1

20. oktober 2014

HØYRING AV FORSKRIFT OM PRODUKSJONSTILSKOT OG AVLØYSARTILSKOT I JORDBRUKET

Høyringsbrev frå norsk villsaulag (NVL)

Vi syner til høyringsbrev frå departementet datert 09.07.2014 om ovafor nemnde forskrift, som vi vart gjorde merksame på i dag. Vi merkar oss med undring ei etter måten kort liste over adresser til høyringspartar, der bl.a. vår organisasjon ikkje er med og der vi heller ikkje naturleg får vidaresendt denne type høyringsbrev frå nokon av dei nemnde høyringspartane. Truleg gjeld dette fleire enn oss. Etter som nemnde forskrift heilt klart vil vere viktig for våre medlemmer og for det økonomiske grunnlaget for villsaudrift som jordbruksproduksjon, meiner vi at vi er rettmessig høyringspart og sender med dette vårt innspel til høyringa. Med tilvising til det som er nemnt innleiingsvis og at vi som følgje av det vil ha knapt om å nå fram innan fastsett høyringsfrist, bed vi om at vårt innspel likevel må verte akseptert.

For vår driftsform ser vi på utkastet som ei forbetring av formalgrunnlaget for nemnde tilskot i høve til det som har vore gjeldande tidlegare. Særleg gjeld dette § 2 om grunnvilkår, der vi ser utkastet som ei forenkling av kategoriar og omgrep. Det vil kunne rydde opp i forståing av tilskotsgrunnlag og redusere faren for ulik vurdering og praksis i ulike kommunar og landsdelar. Vi vil understreke at vår driftsform, villsaudrift, må oppfattast som «vanleg jordbruksproduksjon» på linje med andre former for jordbruksproduksjon. Dette fordi vi frå tid til anna opplever, også enkelte gonger frå faghald, at vår driftsform vert sett på som for ekstensiv og for lite produktiv i høve til sauedrift målretta mot kvantitetsproduksjon, til å kunne bli akseptert fullt ut som likeverdig jordbruksproduksjon. Det er derfor viktig at denne driftsforma og utbytte av driftsforma vert vurdert ut frå innsatsmidlane. Det er ei lite kapitalkrevjande driftsform med dyr som er tilpassa og produserer godt på ressursar som få eller ingen andre husdyr kan gjere seg nytte av. Det betyr vidare kvalitetsprodukt av kjøt, med eit vesentleg tillegg av skinn/pels som aukar utbyttet, og det er ei driftsform som i dei aller fleste tilfelle utan vidare stettar krava til berekraft og økologisk husdyrhald. Som nærings- og interesseorganisasjon ser vi at villsaudrift i stadig stigande grad, slik det og skjer og har skjedd i øvrig husdyrproduksjon, vert basert på biologisk og agronomisk kunnskap og erfaring for nettopp å hente ut produksjonspotensialet i denne husdyrrasen. Då er det viktig å vurdere produksjonen ut frå særdrag og eigenskapar hos denne rasen utan å nytte mal og måltal tilpassa andre og større rasar, og samstundes bevisstgjere at

**Norsk Villsaulag - 7273 NORDDYRØY - Org.nr.: 8991999952 - Kontonr.: 3628.07.15446 -
post@villsau.no**

www.villsau.no



produksjonsvurderingane må omfatte heilskapen av det denne driftsforma leverer: Det fysiske utbyttet av dyra i seg sjølv, utbyttet i høve til innsatsmidlar og kapitalkrav, og dei miljømessige gevinstane som driftsforma også har som resultat. Ut over dette vil enkelte søkjarar også med denne driftsforma frå tid til anna, slik det er for andre former for husdyrproduksjon, måtte tole eit kritisk søkelys på om drifta deira stettar krava til definisjonen «vanleg jordbruksproduksjon». I så måte skil villsaudrift seg ikkje i prinsippet frå andre driftsformer, anten det gjeld husdyr eller planteproduksjon.

Etter § 3 om tilskot til husdyrhald vil vi understreke at vår driftsform utmerkar seg positivt når det gjeld krava til økologisk husdyrhald, dyr på beite i minimum 16 veker/12 veker, og dyr på utmarksbeite i minimum 5 veker. Driftsforma er og særleg godt tilpassa krava etter § 4 pkt. 2 og 3.

Ut over dette har vi få merknader til dei andre paragrafane i utkastet. Det synest kanskje som ein utbetalingsreduksjon med 1000 kroner pr. dag er høgt for å levere inn søknad for seint, men vi ser sjølvstøtt behovet for å ha respekt for og å vere ryddig i høve til fristar.

Vi som vidarefører utedriftstradisjon med gammalnorsk sau, reknar med at vårt miljø, først og fremst gjennom villsaulaga, får høve til å kome med innspel vidare i prosessen med utarbeiding av nye forskrifter. Vårt miljø vil nødvendigvis ha førstehands kunnskap som kan vere viktig for å sikre og å utvikle denne tradisjonelle driftsforma som ein del av norsk jordbruksproduksjon.

Vi reknar med at Landbruks- og matdepartementet har godt innsyn i oppdatert kunnskap om villsau og villsaudrift, der «Villsauboka» av Hilde Buer på ein svært god måte summerer opp og kombinerer fagleg og praktisk kunnskap om både sauetype og driftsform.

For Norsk villsaulag

Alv Ottar Folkestad
styremedlem NVL/sakshandsamar

Helge Stranden (sign.)
Leiar NVL